



› MÅL

Giske kommune skal ha ein bærekraftig kommunal økonomi

MÅL	Giske kommune skal vere ute av ROBEK i løpet av 2022	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2022	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Følge forpliktande plan	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme	
Korleis måle	Bokført dekning av tidlegare års rekneskapsmessige underskot skal følge forpliktande plan	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto driftsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Resultatmål 2022	kr 7 403 057	0,5 %	0,5 %	kr 2 004 914	0,59 %
Resultat 2022	heile underskotet kr 26 645 683 vart dekt inn ved rekneskapsmessige for 2021	4 %	4 %	kr 33 828 694	4,57 %

*Henta frå budsjett, alle tal i heile 1000.

Giske kommune har handlingsregel for økonomiskberekraft, jf. tabell under, som viser måla som er fastsett i økonomiplan og indikatorar for rekneskap 2022.

Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2022	Resultat 2021
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Minst 3-5%	4 %	4,31 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 5-10%	4,57 %	0,52 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	Maks 2-3%	8,1 %	6,14 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	147,8 %	147,54 %
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	Maks 0,5-1%	469 %	341 %

Måltal vedteke i k.sak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefridom og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivareteke.

Kommunen har auka disposisjonsfondet, og Giske kommune er dermed mindre sårbare overfor svingningar.